# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN**
**MARS 2024**

**KOMMUNEHUSET:**
Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

**BIBLIOTEKET:**
Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no

| | |
|---|---|
| Måndag | 15.00 - 19.00 |
| Tysdag | 14.00 - 18.00 |
| Onsdag | 14.00 - 18.00 |
| Torsdag | 12.00 - 15.30 |
| Fredag | 12.00 - 15.30 |
| Laurdag | 10.00 - 14.00 |

**DIM-RENOVASJON:**
Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

**NESTE NUMMER:**
Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før søndag 17. mars kl. 24.00. P.g.a påsken kjem bladet ut seinast torsdag 4. april. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

**UTGJEVAR:**
Bjerkreim kommune

**KONTAKTPERSON:**
Ingunn Ognedal

**ANSVARLEG:**
Kulturkontoret

**TRYKK OG GRAFISK FORMGIVING:**
Jærprint

**FORSIDEFOTO:**
Frå Røysekatten barnehage

**VIKESÅ TAXI**
**51 45 19 00**

# ORDFØRAREN SITT HJØRNE

## *Gode sambygdingar*



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

**Alltid beredt!**

I august skal Bjerkreim vera vertskap for KFUK-KFUM-speidarar sin kretsleir 2024. Leiren vert i Bjerkreim sentrum, rett ved Bedehuset og langs Bjerkreimselva. Me ynskjer dei varmt velkomne og er glade for at dei kjem til oss! Speidargruppene i Stavanger eig speidarhytta Speiderbo på Tjørn. Dermed kjenner mange av dei området vårt godt. I fjor, under storbrannen på Tjørn, såg dei røyken og ringde 110. Dei hjelpte brannvesenet med å vakte vegsperringa og overvaka område gjennom natta for å passe på at brannen ikkje blussa opp igjen. Alt i tråd med valspråket deira - alltid beredt.

Det er ikkje berre speidarane som må sørge for å vera beredt. Som innbyggarar vert me bedne om å tenka beredskap. Bjerkreim er ein landbrukskommune. Det betyr at mange innbyggarar er praktiske og løysingsorienterte ved utfordringar som kjem brått. Samanlikna med mange andre kommunar er Bjerkreim meir robust med tanke på forsyningstryggleik når det gjeld mat og vatn. Me bur i ei trygg og stabil bygd, i eit land der me er vant til at det meste fungerer som det skal. Liva våre er heilt avhengige av straum, vatn og internett. At me er så avhengige, gjer oss også  sårbare ved uvær, naturhendingar og tekniske problem. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) ber oss alle om å ha våre eigne beredskapslager.

Å tenke beredskap kan for mange virka som litt unødvendig. Få av oss har opplevd kriser. Ekstremvær, straumbrudd og stengte vegar har forekomme mange gonger før. Det er rett. Men, tidlegare hadde ein nok større lager heime, utan at ein kalla det for beredskap. Ein hadde ei matbu fylt av syltetøy, hermetikk og saft. Mange hadde mykje kjøtt i frysaren, og alltid gjærbakst på lur. I dag har me eit anna handlemønster, og mange av oss handlar dagleg. Med eit lite reservelager av det du er mest avhengig av – vatn, mat, medisinar og varmekjelder – er du betre rusta for å klare deg sjølv nokre dagar. Me som kommune skal gjera vårt for å hjelpe, og me har også eit ansvar for innbyggarane våre.  Ved ei krise må kommunen prioritere dei mest sårbare, og vil ikkje kunne hjelpe alle.

Me har hatt ein vinter som så langt har gitt litt utfordringar. Både sterk vind, ras, snø og flaum har utfordra oss. Fleire har fått kjellarar, uthus og næringsbygg fylt med vatn. Enkelte har hatt lengre periodar med straumbrot, og Ørsdalen har vore innestengt. Kommunane i Rogaland samarbeider tett med Statsforvaltaren ved farevarsel. Ved varsel på høge nivå, har kommunen faste rutinar for korleis dei skal forberede seg. Kommunen skal fyrst og fremst sikre at ein kan levere eigne tenester. Ved fare for straumbrot, sikre at aggregat er tilgjengeleg for omsorgssenteret. Planlegge slik at heimesjukepleien får levert medisinar, og får kome seg ut til dei som skal ha hjelp. Ha ekstra beredskap hjå teknisk avdeling. I tillegg øver me jamleg på ulike scenario. Du finn mykje det du treng av info om beredskap på kommunen sine heimesider.

Så må me hugse på at god beredskap ikkje bere handlar om kva me har i skapet, men og kva me har i hovudet.

*Vennleg helsing, Tone Vaule*

**POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET**

| | |
|---|---|
| Gruppemøte: | Onsdag  13.3 kl. 19.00 |
| Formannskap: | Torsdag 14.3 kl. 16.00 |

## OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass. Velkommen til symjehallen på Vikeså skule, åpent kvar laurdag fram til veka før påske, siste åpningsdag laurdag 16. mars. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebading. Gratis adgang. Bleiebarn må bruke badebleie.

**Opningstider:**
Kl 10.00 - 10.45: Vaksne over 18 år (garderobe frå 09.45)
Kl 10.45 - 11.30: Vaksne over 18 år
Kl 11.30 - 12.15: Familiebading
Kl 12.15 - 13.00: Familiebading
Kl 13.00 - 13.45: Familiebading

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 09.45 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.
Ha eit godt bad!

## VELKOMMEN TIL UKM LOKALMØNSTRING 2024

Fredag 8. mars kl. 18.00 - ca. 21.30.
Sted: Bjerkreim samfunnshus.
Adgang kr. 50,-. Familie kr. 150,-.
Matsalg v/ 9. trinn Vikeså skule i pausen.

## GRATIS KLÆR OG SKO I SKJERABERGET

Byttebutikken «Gi og ta - klær og sko for liten og stor» holder åpent to dager i uka i Skjeraberget folkehelsehus. Alle kan hente seg klær og sko, uten å levere inn noe selv. Byttebutikken holder vanligvis åpent mandager kl. 11.00-15.00 og onsdager kl. 15.00-19.00. Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså. Kontaktperson: Nina Johnsen tlf. nr. 90715916




## KONSERT

Konsert med Arne Mørch på Bjerkreim omsorgssenter fredag 15. mars kl. 16.30. Gratis adgang, åpent for alle. Velkommen! Arr: Bjerkreim kulturkontor og Den kulturelle spaserstokken.

Friskus Bjerkreim

## FRISKUS AKTIVITETSKALENDER

Ønsker du å få oversikt over aktiviteter, fritidstilbud og frivillige oppdrag i Bjerkreim kommune? Sjekk ut bjerkreim.friskus.com! Vil du selv arrangere aktiviteter eller trenger du noen frivillige hjelpere? Registrer deg på friskus.com og opprett en aktivitet eller et frivillig oppdrag. For spørsmål eller hjelp, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator på e-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no.



## SØK OM FRITIDSSTØTTE

Fritidsstøtte er en ordning for familier som trenger økonomisk støtte for at barna skal kunne delta på fritidsaktiviteter. Pengene kan for eksempel brukes til å betale medlemskap, lisenser, utstyr, turer, cuper, turneringer, heiskort, reiser, leir eller lignende. Fritidsstøtten er et samarbeid mellom Bjerkreimsmarken og Bjerkreim kommune. Søknadsskjema ligger på Bjerkreim kommunes nettside under: Populært →Skjema/søknadssenter → Kultur og fritid → Søknad om fritidsstøtte. For spørsmål eller hjelp, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator på e-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no.

## BJERKREIMSQUIZEN
Onsdag 20. mars kl. 19.30
i kommunestyresalen.
Quizmaster: Andreas Osland.
Servering av kaffi og kjeks.
Startkontingent: kr. 30,-

## PÅSKEMØTE - PÅSKEPYNT
Tid: Onsdag 20. mars kl. 18.00.
Sted: Skjeraberget folkehelsehus.
Det blir laging av påskepynt.
Ta med skål, saks og det du evt. vil pynte med.
Vi kjøper inn påskeliljer og stemorsblomster.
Bindende påmelding til Marianne Lien på: tlf. 473 43 663 innen 13. mars.
Kr. 200,- pr. pers.
Meld deg på! Alle er velkomne.
Arr: Bjerkreim hagelag og Brukskunsten.

## LEIE AV SAMFUNNSHUSET
Konfirmasjon i 2024.
Vi leier ut lokaler.
Du kan velge liten eller stor sal.
Dersom dere ikke er veldig mange, kan Lionslokalet i første etasje være bra.
Se vår facebookside.
Ta gjerne kontakt på tlf. 416 00 936.

## ÅRSMØTE BJERKREIMSHALLEN
Velkommen til årsmøte i Bjerkreimshallen tirsdag 19. mars kl. 19.00 i møterommet i hallen.
Det blir servert pizza.
Grunnet bevertning ønsker vi påmelding innen 17.3. til Øyvind på oyvind@espelandas.no eller tlf. 901 14 735.

## KVINNEDAGEN
«Våre mødre og bestemødres kvardag og kår» er tittelen når Bjerkreim bygdekvinnelag inviterer til markering av kvinnedagen.
Liv Valbjørg og Gunvor skal ta oss gjennom noen tiår om kvinners historie.
I år markerer vi kvinnedagen torsdag 7. mars kl. 19.00 på folkehelsehuset.
Alle er hjertelig velkomne.
Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

## SYKVELD
Mandag 5. mars kl. 18.00 - 21.00 i Skjeraberget folkehelsehus.
Uformell sykveld i lag med andre som liker å sy.
Ta med symaskin og det du vil sy.
Kom og bli med.
Arr. Bjerkreim Bygdekvinnelag

## SOSIAL KVELD
Tirsdag 6. mars kl. 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus.
Velkommen til en uformell sosial kveld, med eller uten strikketøy, med god drøs over kaffikoppen.
Åpent for alle.
Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

**Nasjonalforeningen for folkehelsen**

## BINGO
Onsdag 13. mars kl. 14.00- ca 16.00 i peisestova på Vikeså misjonshus.
Alle er velkomne.
Arr: Bjerkreim helselag

## DUKAR
Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535

## TIRLA
Tirla damekor opptrer på Bjerkreim omsorgsenter torsdag 21. mars kl. 18.30.
Alle er velkomne!

## NYTT SHOW MED BJERKREIM BRASSBAND!
«A dream is a wish» er en familieforestilling med magiske eventyr fra filmlerretet i Bjerkreimshallen 19.,20. og 21. april. Sett av datoen allerede nå!.
Billetter og mer informasjon kommer.

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE
Torsdag 14. mars kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.
Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.
Velkommen alle kvinner!

## ÅRSMØTE BJERKREIM IDRETTSLAG
Torsdag 21. mars kl. 19.30 på folkehelsehuset, Skjeraberget.
Enkel servering.
Årsmøtesaker.

## ONSDAGSKLUBBEN 3G
Godt humør, godt kledd, godt miljø!
Onsdag 6. mars: Tur til Ivesdal.
Avreise fra Esso kl. 10.00.
Ta med drikke og sitteunderlag.
Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

## BJERKREIM PENSJONISTLAG
Møte torsdag 21. mars kl. 14.00 på samfunnshuset.
Kåseri v/Anette Egeland, fra Søstra til Morten.
Inngangspenger kr. 50.-.
Gode smøbrød og kaker, sang og musikk, loddsalg og bildequiz.
Velkommen.

## LYS OVER LAND
Misjonsmøter m/kretssekretær Odd Eivind Høyvik.
Tysdag 19.03. på Espeland forsamlingshus.
Song av Synnøve Grøtteland Helland.
Onsdag 20.03. på Bjerkreim bedehus.
Song av Egersund musikklag.
Misjonsinformasjon og kollekt.
Enkel servering.
Båe møta byrjar kl. 19.30.




## ÆTTESOGELAGET HANS NILSEN HAUGE

Tid: Torsdag 7. mars kl. 19.00

Stad: Kommunehuset

Stein Ivar Langhelle held foredrag om haugianismen i Rogaland 1820-1850 utfrå boka «En bedre aand blandt folket» som presenterer ny kunnskap om haugianervekkelsane for 200 år sidan. Det blir og orientert kva Hans Nilsen Hauge betydde for folk i Bjerkreim.



## LANGFREDAGSMØTE

På Vikeså misjonshus 29. mars kl. 19.30. SångZ presenterer tankar frå påskebudskapet gjennom

- Song
- Tekstar
- Bilete

Velkommen!

## SAMEMISJONSMØTE

Tysdag 12. mars kl. 19.30 på Vikeså misjonshus. Tale av Alfred Salte.

## VIKESÅ MISJONSHUS

03. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule
04. kl. 19.00 YngRes og Korvett
06. kl. 17.30 Global kafe
06. kl. 18.00 Bønnemøte
09. kl. 21.00 BKU
12. kl. 19.30 Møte Samemisjonen
13. kl. 14.00 Bingo
13. kl. 20.00 Samtalemøte
15. kl. 20.00 Fredagsklubb
17. kl. 11.00 Gudstjeneste
18. kl. 19.00 YngRes og Korvett
20. kl. 17.30 Global kafe
28. kl. 19.30 Langfredagsmøte
Barnekor kvar torsdag kl 17.00

## BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no

3. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.20 Søndagsskule
4. kl. 19.00 Yngres
5. kl. 19.30 Bønnemøte
6. kl. 09.30 Minsten
11. kl. 18.30 Guttelag og Jentelag
12. kl. 19.30 Bønnemøte
13. kl. 09.30 Minsten
kl. 17.30 Global kafe
16. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat
kl. 18.45 Møte med barnesamling Normisjon
17. kl. 11.00 Endelig søndag Normisjon
kl. 11.20 Søndagsskule
18. kl. 19.00 Yngres
19. kl. 19.30 Logos
20. kl. 09.30 Minste
kl. 19.30 Møte Lys over land
22. kl. 19.00 Gutte- og jentelagsbasar
kl. 20.00 Fredagstreff
26. kl. 19.30 Bønnemøte
28. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte Imf
1. april kl. 19.30 Påskemøte NLM

## MØTEHELG NORMISJON

Bjerkreim bedehus

Lørdag 16.mars - «Lørdagskveld på bedehuset». Kveldsmat kl. 18.00. Tale av Egil Karlsen. Forsongargruppa. Barnesamling. Kaffi etter møtet.

Søndag 17. mars - «Endelig søndag» kl. 11.00. Tale av Egil Karlsen. Forsongargruppa. Søndagsskule kl. 11.20.
Kaffi og litt å bita i etter møtet.



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

**Sundag 3. mars**
IKKJE gudsteneste i soknet

**Sundag 10. mars** kl. 11.00.
G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 17. mars** kl. 11.00. høgmesse med nattverd på Vikeså Misjonshus

**Palmesundag 24. mars** kl. 11.00. familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Diplom til dåpsskulebarna.

**Skjærtorsdag 28. mars** kl. 11.00. gudsteneste i Ivesdal kyrkje

**Langfredag 29. mars** kl. 11.00. pasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Tema: Jesu rettssak

**Påskedag 31. mars** kl. 11.00. høgtids-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

## DØYPTE

18.02.24 Astrid Asheim Solheim

18.02.24 Leo Hegelstad

## DØDE

28.01.24 Arne T. Eikeland

## PÅSKESALMAR ALLE VERS 15. OG 16. MARS

Bli med og syng påskesalmar! Vi samlast i Bjerkreim kyrkje for å synge gjennom påskesalmane i salmeboka.

Fredag 15. mars kl. 18-20

Laurdag 16. mars kl. 14-16

Solistar: Arild Thorsen, barnesanggruppe, Liv Valbjørg Bakke, Synnøve Grøtteland Helland, Sissel Bø, Magnar Edland, Ola Birkeland, Elisabeth Moi Bjerkreim, Monika Asheim, Leif W. Nilsen, Bjerkreim barnekor.

Arr.komite: Arne Bjerkreim, Ola Birkeland og Eli Mari Hadland

## FASTEAKSJONEN FOR KIRKENS NØDHJELPS ARBEID

Årets aksjonsdag blir tysdag 19. mars og tema er: «Håp i ein drope vatn.» For lite vatn og forureina vatn tek mange liv. Meir enn 4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. Endå fleire menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Ta vel imot konfirmantane når dei kjem frå dør til dør denne ettermiddagen og kvelden. Takk for gåva di som kan gje ei framtid utan fattigdom, sjukdom og naud. Om de ikkje er heime, kan de gje ei gåve med VIPPS til 2426 (valfritt beløp) eller send SMS VANN til 2426 (300kr)

## SOKNEÅRSMØTE 17. MARS

Rett etter gudstenesta på Vikeså misjonshus. Alle er velkomne.

## DINE VOTTAR ELLER HUE?



## MARIA MAGDALENA

Når vi elsker noen så kan vi gjøre det utroligste, og Maria Magdalena er et godt eksempel på det. Hun hadde en genuin og ekte kjærlighet for Jesus. Han hadde rørt ved livet hennes, grepet inn i vanskelige omstendigheter, og gitt henne en fremtid. Takknemligheten hennes smittet på alle som møtte henne. De tøffe takene gjennom livet hadde vært krevende, men Jesus hadde vist at han hadde evnene til å sette henne fri, og hun opplevde seg virkelig satt fri. (Luk 8,1-3).

Gjennom resten av sitt liv så kunne hun ikke glemme denne mannen. Hun kjente seg trygg på at Han måtte være verdens frelser, da det var Han som hadde reddet henne da ingen andre kunne.

Jesus forble oppmerksom på Maria. Han gav livet hennes en dypere verdi, en ny retning og hun opplevde seg elsket. Maria Magdalena var ikke rik. Hun tilhørte heller ikke noen «elite». Hun hadde ikke noe makt eller autoritet, eller mye å gi Jesus, og det visste hun. Men det hun hadde, det gav hun ham: sitt hjerte og sitt liv. Da Jesus sto opp fra de døde, var Maria den første han så, for hun ventet der ved graven. Hennes lidenskap var altoppslukende og trosset all logikk.

Maria er et forbilde for meg. Den 15. februar fikk jeg muligheten til å snakke om Maria Magdalena på Bjerkreim bedehus. Den 10. mars, på gudstjenesten i Bjerkreim kyrkje vil jeg igjen få muligheten til å snakke om henne. For hun gjør inntrykk. Var du på Bjerkreim bedehus den 15. februar, og vet om noen som kan trenge å høre et oppmuntrende ord gjennom hennes liv, så inviter gjerne noen med deg og kom den 10. mars. Undervisningen vil være den samme, men innpakkingen vil være ny, - i G3 liturgi.

Og SångZ.. de kommer til å løfte taket av kirken med sangen sin, hjertet sitt, engasjementet sitt.. og refrengene.. som med fordel kan synges mange ganger 🙂🙂

Vel møtt - hilsen Per Børge

## SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT OG TILSKOT TIL AVLØYSING 2024

### FØRSTE SØKNADSFRIST 15.03.24

Søknad om produksjonstilskot består av 2 delar, del 1 med søknadsfrist 15.03.24 og del 2 med søknadsfrist 15.10.24. På same måte som i fjor haust, skal søknadsfristane praktiserast fleksibelt, slik at **du kan levera heilt fram til 29.03.24, men du får eit trekk på kr. 1 000,- pr. dag du leverer etter 15.03.24.** Du kan og korrigera søknaden fram til 29.03.24 - utan økonomiske sanksjonar.

Du skal nå søkja tilskot til:

- Husdyrtilskot: halvt tilskot til alle dyreslag, med unntak for alle sauene som får fullt tilskot ved denne søknadsomgangen.
- Dette gjeld også i høve til grunnlaget for avløysartilskotet for heile 2024.
- **Du skal ikkje søkja om avløysartilskot før i oktober.**
- Definisjonen av sau er nå «sau født året før eller tidlegare». Detbetyr at både påsettlam og «blålam» får husdyrtilskot dersom du har desse fram til 01.03. Fjorårslam som vert slakta etter 01.03 får ikkje lammeslakttilskot. Med andre ord så får ein ikkje i «pose og sekk». Tilskot til lammeslakt er satt opp til 545 kr frå og med 2024.
- Når det gjeld sauer er det «trappetrinn» i tilskottet, mest for dei første 75 vinterfora dyra, litt mindre for dei neste 75 vinterfora, og stor nedgang i tilskott for dei sauene over 150 vinterfora.
- Opplysningar om slaktedyr, gris og kylling vert henta frå leveransedatabasen, så det einaste du treng å gjera er å kryssa av for at du vil søkja tilskot for desse dyra.
- Du søkjer også om driftstilskot for mjølkeproduksjon og spesialisert kjøttfeproduksjon, samt tilskot til små om mellomstore mjølkebruk ved denne søknadsomgangen. Dette er tilskot som vert berekna automatisk med grunnlag i det dyretalet du søkjer på i høve til mjølkekyr og ammekyr.
- **Husk at både mjølkekyr og ammekyr må ha kalva minst ei gong dei siste 15 månadene, for å verta rekna som kyr. Dei som har lengre kalvingsintervall, vert då rekna som øvrige storfe, og skal førast i den rubrikken.**
- **Ver nøye når du fører opp dyr! Me finn ennå feil på kontrollane, og avkortar tilskot på grunn av feilføring.**

### VED SØKNAD PÅ DEL 2 I OKTOBER 2024, SKAL EIN SØKJA PÅ:

- Husdyrtilskot, unnateke sau
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot mjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Avløysartilskot
- Beitetilskot for 16 vekers beite, her må ein vera nøye å berre føra opp dei dyra som faktisk har vore ute på beite i 16 veker.
- Beitetilskot på utmark i minimum 5 veker.

**Me må oppfordra dykk til å vera nøye med utfylling av søknaden. Alle dyretal SKAL vera korrekte, og me anbefaler fysisk teljing av dyra før ein fyller ut søknaden.**

Me vil også minna om at du må ha ein **årlig** gjødselplan for ditt gardsbruk. Me tek stikkprøvekontroll av 10 % av alle søknadane kvart år, og då sjekkar me alltid at føretaket har årlig gjødselplan, sprøytejournal og nok spreiearel i høve til dyretalet.

Landbrukskontoret vil framleis kunna rettleia dykk i søknadsprosessen, og forklara korleis de skal gå fram. Dei som treng meir hjelp, kan ta med bank-id-brikka til landbrukskontoret så vil me hjelpa til med utfylling av søknaden. Det er også høve til å levera søknad på papir.

Lurer du på noko så ikkje nøl med å ta kontakt med Svein Olav 51201173/99021019, Ivar Tore 51201172 eller Gerd 51201170. Det er betre å kontakta oss ei gong for mykje, enn ei gong for lite.

**Lukka til !**

**Husk å sjekke om du har nok SPREIEAREAL før du tek i mot gjødsel frå andre føretak !**

Med våronna og «hevdakjøring» like rundt hjørnet kan det vera lurt å sjekka opp om du har nok spreieareal på bruket, både i høve til eige dyrehold og dersom du planlegg å ta i mot gjødsel frå andre bønder.

Dersom du er i tvil om du har nok spreieareal, så ta kontakt så skal me hjelpe til med berekning og husk at dersom du tek i mot husdyrgjødsel frå andre så skal dei mottekne gjødsel-mengdene vises i gjødselplanen.

### JAKT - VIKTIGE DATOER:

**01.04:**

Trekke eiendom ut av godkjent eller omsøkt vald

Trekke et vald ut av godkjent bestandsplanområde

**01.05:**

Søke om godkjenning av vald

Melde endringer i valdet til kommunen

Søke om godkjenning av bestandsplanområde.

# INFORMASJON





*GO Consult*
*Olav Engelsgjerd*
*Tlf. 906 99 409*
*post@goconsult.net*





**fjoscam.no**

*-Internett og kamera til fjøs*
*-Data-reparasjon/salg*
*-Langtrekkende WiFi som fungerer*
*-Service parabol og Riks-Tv*

# INFORMASJON


## Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita**
**Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på **gitaroghandverk**
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT·NO

FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED

## Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

Du er hjertelig velkommen til vårt fotostudio i Røyslandsdalen 95

## Bjerkreim legekontor

51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

## coop Vikeså

coop byggmix

EXTRA

coop prix

**Extra Vikeså**
**Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00**
**Coop Byggmix / Landbruk**
**Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00**
**Coop Prix Bjerkreim**
**Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00**

coop



## Eigersund Dyreklinikk

*Telefon 51 49 13 04*

## VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

*Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222*
*Kontortid: 08.00 - 09.30*

## Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

**Spesialistkompetanse på tannsykdommer hund og katt**
**Timebestilling 95141920**




*Kiropraktisk behandling av dyr*
*Kastrering og sterilisering*
*Kirurgi*
*Digital røntgen*
*ID-merking*
*Vaksinering*
*Tannbehandling*

**Vikeså veterinærkontor**
**Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65**

## Fardal Bil AS

**DIN LOKALE BILFORHANDLER**



**TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00**
**www.fardalbil.no**